



Nr 2 | 2024 | 75. årgang



*Med ønskje
om ei velsigna
julehøgtid!*



«For Gud gav oss ikke ein ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev Kraft, Kjærleik og Visdom». (2.Tim. 1,7)

Einsemd er kalla vår tids folkesjukdom nummer ein. Nokre kjänner på einsemdu i tunge perioder, nokre kjänner på einsemdu kvar dag året rundt, andre kjänner seg mest einsame i eit mylder av folk og nokre kjänner einsemdu mest tyngande når dei faktisk er åleine.

Ein studie for nokre år tilbake viser at det er like stor helserisiko knytt til sosial isolasjon som å røyke 15 sigarettar om dagen. Dette får oss til å forstå alvoret...

Einsemdu finn ein i alle aldersgrupper, og ofte tenkjer vi på eldre og einslege – som har mista deira livsledsager gjennom mange år. Dagene blir tomme når ein mister den ein har delt alt med.

Etter pandemien har det også kome fram at svært mange unge svarer at dei er einsame. Faktisk seier ei landsdekkande undersøking at 7 av 10 ungdommer er einsame. Dette er ein trist og svært alvorleg realitet som vi alle må ta inn over oss. Ein

heil generasjon roper om å bli sett og høyrta. Konsekvensen av einsemdu er blant fleire – motløyse.

Om du er kristen eller ikkje - dei flest av oss som levd litt, har nok kjent på den følelsen når motløysa reiser seg som ein mur og skygger for glede og pågangsmot. Kanskje sit du og kjänner på det akkurat no, enten det gjeld jobb, relasjonar, sjukdom eller ein indre kamp i deg sjølv.

Det står skrive fleire plasser i Bibelen om motløyse, og det er litt godt syns eg, at Bibelen gjev eit realistisk bilde av det å vere menneske. Men det står også fleire stader at dette ikkje er noko Gud ynskjer for oss. Tvert imot, Han ynskjer å gje oss Kraft, Kjærleik og Visdom.

I Jeremia står det også tydeleg kva tankar Gud har for oss: *«For eg veit kva tankar eg har for dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og håp».* (Jer.29,11)

Med dette som bakteppe: kven veit du om som sit mykje aleine, som du ser er motlaus og som treng di hjelp til å rive muren av motløyse rundt seg? No går vi snart inn i juletida, ei tid der følelsane på alle måtar vert forsterka – både dei gode og vonde; då er mi bøn at vi må bli rausare med å dele av vår tid med andre. Mange snakkar om at dei skulle ynskje det var meir som før, at ein berre kunne banke på døra og stikke innom på besök, utan å varsle på førehånd.

Mange lagar seg nyttårsforsett som handlar om å gjere endringar for sin eigen del. Kanskje du kan prøve noko nytt for det komande året – la nyttårsforsettet ditt handle om å skape ei endring i nokon andre sitt liv. Med Kraft, Kjærleik og Visdom kan store ting skje.

Linda Ølmheim

*«Du stjerne over Betlehem,
Å lat din sæle fred, få lyse inn i kvar ein heim og i kvart hjarte med.
Ja, i kvart hjarte armt og mørkt, send du ein stråle blid,
ein stråle av Guds kjærleiks lys i signa Juletid»*

Minikonfirmasjon

Sokneprest og trusopplæringsnemd inviterte til minikonfirmasjon i haust og 12 barn meldte seg. Vi samlast etter skuletid i kyrkja til mat, leik og undervisning to gonger før jul og to gonger på nyåret med avslutning og bibelutdeling søndag 16. februar kl: 1700.

Helsing Runar, Kari, Inger og Camilla.



Konfirmasjonsførebuing

9 konfirmantar meldte seg til konfirmasjon og vi møtes etter skuletid i kyrkja. Konfirmantane har vert på arrangement med konfirmantar i heile prostiet. Vi har vert på Alværa og Basecamp i Hyllestad. 19. oktober reiste me til konfirmantfestival i Gularhallen på Sande. På festivalen er Globalløpet veldig viktig for å samle penger. Hver meter ungdommene løp ble til penger til et utviklingsprosjekt. Tusen takk for bidraget. På festivalen var vi så heldige å få samtale med skodespelar og realityprest Thor Haavik frå Bergen.





4.- og 6. års bok

12. og 15. september inviterte kyrkja alle 4. og 6. åringane i kyrkjelyden til 4.- og 6. års boksamling og gudsteneste.

Torsdag 12. september hadde Runar og Kari samling i kyrkja med utdeling av aktivitetshefte til 4. og 6. års boka. Vi hadde ei kjekk stund der Runar viste bilde med plansjar og ungane fekk delta. Vi øvde på prosesjon inn i kyrkja, teikna i heftet og avslutta samlinga med nydeleg kveldsmat.

Sundag 15. september var det hausttakkefest og utdeling av bøker. Ungane hadde med kvar si korg med frukt og grønsaker og gjekk inn i kyrkja saman med Runar og Kari når gudstenesta starta. Korgene med frukt og grønsaker sette dei fint ved alterbordet. Kyrkjelyden fekk sjå bilet og plansjane som vi hadde øvd på torsdagen i forvegen. Inger delte ut bok til dei frammøtte. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med den nydelege frukta og grønsakene ungane hadde hatt med.

To kjekke samlingar!



Samarbeid om ny kyrkjelydspdagog-stilling!



Sokneråda i Askvoll, Hyllestad og Fjaler har inngått samarbeid om å opprette ei kyrkjelydspdagog/kateket/-stilling.

Samarbeidet gir Askvoll 40% av stillinga, Hyllestad og Fjaler 20% av stillinga kvar. Vi skulle helst hatt ei 100% stilling, men 80% blir tilbydd fast.

Kva gjer ein kyrkjelydspdagog? Kyrkjelydspdagog har ansvar for kyrkeleg undervisning, eller trusopplæring/dåpsopplæring som og blir brukt som kjente ord, for barn og unge mellom 0-18 år. Dette skjer i samarbeid med stab elles, frivillige, foreldre, barna og ungdomane. Vi vil med dette styrke møteplassane for barn og unge slik ein kjener

det i kvart sokn i dag, og utvikle møteplassane slik det er naturleg.

Vi arbeider for at dette skal vere ei attraktiv stilling, med høg trivsel og gode arbeidstider. Sjå utlysinga i ei anna side i kyrkjebladet, og oppmøde personar du gjerne vil ha inn i stillinga til å søke.
Dette blir bra!

An advertisement for Sunnfjord Gravferdsbyrå. It features a black background with white text. At the top, it says "Sunnfjord Gravferdsbyrå". Below that is a photograph of several lit candles and white flowers. A quote in Norwegian follows: "Vi vil på beste måte hjelpe dykk som påorande, med all som harer ei verdig gravferd til". At the bottom, there is contact information: "Blomsterterget A/S - Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord · Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01".

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som påorande, med all som harer ei verdig gravferd til

Blomsterterget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

An advertisement for Åm Sognnes Bygdeservice. It features a yellow and white sunburst graphic at the top. The company name "ÅM SOGNES BYGDESERVICE" is written in bold letters, with a small tractor icon next to "BYGDESERVICE". Below this, there are sections for "PARK/HAGE", "STEIN", and "LANDBRUK", each with a list of services. At the bottom, there is a photograph of a stone wall and contact information: "6953 Leirvik i Sogn · tlf: 959 43 735 · www.aamsognnes.no".

ÅM SOGNES
BYGDESERVICE

PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggingsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving

6953 Leirvik i Sogn · tlf: 959 43 735 · www.aamsognnes.no

Kyrkjelydsbasaren



Vel 100 personar, med smått og stort, fann vegen til Hyllestad kyrkje sundag 27. oktober og den årlege kyrkjelydsbasaren der inntekta går til trusopplæringsarbeidet. Som vanleg var det god basarstemning med eit yrande liv i kyrkjerommet, med fire åresal, i tillegg til trekking av loddbok som ein har sete utanfor butikkar og selt i haust. I matpausen var det og andakt v/Linda Ølmheim, samt song av «Moreld». I pausen fekk borna fiske frå galleriet, med garantert

fangst! Bak i kyrkja var det god boltrepplass for borna, der dei turna og stupte kråke. Kjekt med eit yrande liv og glade born!

Takk til soknerådet som i år var basarnemnd og til konfirmantane som tradisjonen tru, er sterkt medverkande under heile basaren! Flotte og nyttige vinstar og god kaffimat. Totalt kom det inn heile kr. 63.400,- på basaren.





Base Camp 12. oktober 2024



For niande gong vart ungdomsleiren Base Camp arrangert i Hyllestad. Også i år var dette lagt opp som eit dagsarrangement i Hyllestad kyrkje.

Base Camp samla i år 35 ungdommar, og heile arrangementet var ein fest frå start til slutt.

I år var Veslemøy Gravdal Ryland leirsjef, og med eit velfungerande team rundt seg, fungerte alt prikkfritt i gjennomføringa. Dagen starta med eit flott føremiddagsmøte i Hyllestad kyrkje, ungdommane hadde sett saman eit band med vokalistar og musikarar, og Mari Dale Salbu held ein flott og engasjert andakt. For oss litt eldre, er det så godt å sjå at ungdommar

frå Hyllestad kjem tilbake og tek ansvar for Base Camp, både som leiarar og som bidragsytarar, med meiningsfulle talar. Det er nok lov for mange å vere stolte, og stor takk til alle som ber for desse flotte ungdommane.

Etter møtet var det aktivitetstid i Hyllestadhallen, og så så bar turen opp til Kvernsteinsparken der det var grilling av pølser, både utanfor og innafør langhuset sine vegger. I år fekk også ungdommane ei innføring i Kvernsteinshistoria til Hyllestad v. Aleksander Rauboti. Mange tykte dette var både engasjerande og interessant. Og ingen Base Camp utan at ungdommane kjem heimatt med bållukt i kleda.

Etter pølsegrilling i Kvernsteinsparken var det igjen tid for leik og moro i Hyllestadhallen: sittefotball, kanonball og mykje anna kreativ leik.

I år som i fjor, leigde vi Fleir brukshuset til middag, servert av vår faste kjøkkensjef Kirsten. Dei som ynskte det fekk seg ein rask (og for nokon svært etterlengta) dusj i Hyllestadhallen, dagen vart avslutta med ettermiddagssamling i kyrkja.

Samlinga vart leia av Benjamin Vindenes, og Natalie Schubert

Vindenes held ein flott tale, der ho nyttar praktiske eksemplar som effektive verkemiddel.

I år var tema for dagen: Sannhet.

I Apostelgjerningane 17.28. les vi: *For i Han er det vi lever og rører oss og er til....*

Tema for dagen vart godt og levande presentert av våre flotte talarar. Vi trur at alle som deltok vart sett, heia på, og fekk reise heim med ei god kjensle av å ha delteke på noko verdifullt.

Vi opplever at Base Camp i Hyllestad er eit positivt og godt arrangement som skapar grunnlag for at deltakarane, kvar på sitt vis, kan få anledning til å oppleve eit positivt møte med Guds ord, kyrkja, og kristent fellesskap.

Stor takk til våre flotte ungdommar for deira innsats med planlegging og gjennomføring, og også stor takk til dei som stiller opp med velsmakande bakverk, og med praktisk bistand denne dagen.

Takk for ein flott dag med Base Camp 2024 og vel møtt til Base Camp nr. 10 i rekka hausten 2025.

Helsing Kirsten og Jostein Ryland



Hjelpesending til Cuba våren 2025!



Hjelpesending til Cuba våren 2025

I januar arrangerte Bjørgvin bispedøme ein kyrkjelydstur til venskapskyrkja, den Lutherske kyrkja på Cuba, (Iglesia Evangelica Unida), (sjå Ingunn og Aslak Sognnes sitt reisebrev i førre nummer, 1/24, av kyrkjebladet)

I 2023 organiserte Kjell Ove Hatlem ei hjelpesending frå Bjørgvin bispedøme til den Lutherske kyrkja på Cuba. Konteiner vart fylt med: 20 syklar, 200 sekker med klede, 20 PC-ar, 3 prosjektorar, 40 sekkar/øskjer med leiker, 7 barnesenger, 6 ryggsekkar/koffertar, 3 motorsager +5 symaskiner og 2 bagar med sportsutstyr. I tillegg matvarer for kr. 200.000,- og kr.100.000,- til frakt.

I år har Stord sokn vorte utfordra til å organisere ei hjelpesending som skal sendast våren 2025. Dei er no i

gang med organisering og klargjering av innsamla ting. Her er det viktig at ein får fylt og pakka container so tett og kompakt råd er. Då trengst det og pengar, slik at ein kan kjøpa inn hermetikk, turrvarer, medisinar mm. På Cuba er det stort sett mangel på det meste. Hjelpesendinga går til den Lutherske Kyrkja der borte som då fordeler vidare, slik dei ser det best. Kvar einskild av oss her i Hyllestad kan vera med å bidra til denne hjelpesending med pengar. Det kan gjerast på to måtar:

VIPPS til: 947101, Hyllestad sokn-Cuba

Giro til Hyllestad sokn: 3837.15.51619 merk «Hjelpesending Cuba»



Treng du elektrikar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere **din bustaddraum!**

- Vi tilbyr:
- Hus og hytter frå Norgeshus
 - Eigen prosjekteringsteneste
 - Byggeleiing og prosjektleiing

6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no



Vellukka pilegrimstur gjennom Hyllestad i august



Første helga i august var det ein vellukka tur på kystpilegrimsleiа gjennom Hyllestad og til Fjaler. Dette er eit lite referat med bilete frå denne turen.

Det var Astrid Waage i nøkkelstadgruppa for Kvernsteinsparken som hadde hovudansvar for detaljplanlegginga av denne «prøveturen». Den vart god og vellukka! Deltkararane var hovudsakleg frå Hyllestad og Gulen. I 2015 vart den så vidt utprøvd, om enn då med mykje regn, og ei litt anna rute.

Denne helga i august, nærmere bestemt 2. og 3. august – var det flott ver. Turen gjekk frå Rysjedalsvika, med god


orientering ved Indrefjord Gard av Ole Ivar Åm Sognnes. Så opp lia til Kolgrov- og så ned til Kvernsteinsparken. Denne biten av turen var eigenleg mindre krevjande enn venta.

I Kvernsteinsparken gav Alexander Asphaug Rauboti glimt frå den spennande historia som Hyllestad har, med kvernsteinar og steinkrossar. Vidare innom Hyllestad gamle kyrkjegard – orientering ved Leif Akse. Denne unike kulturskatten treng verkeleg ei ansiktsløfting, var ein samstemt konklusjon! Hyllestad kyrkje – vonar me vert enno meir ei pilegrimskyrkje, og steinkrossfragmentet ber bod om skattane våre her.





Sogn hostel er sertifisert overnatningsstad, og der vart det ein god stad for pilegrimar å slappe av og dele eit måltid mat fredag kveld. Me vart godt tekne imot.



Lørdag gjekk turen, via Rutlekvia til Skifjord bedehus. På vegen- ved Teigevatnet synte Anne Berit Garnes oss spor etter kvernsteinshogging også der. På Skifjord bedehus møtte Astrid og Terje oss med god frukt og kvile for trøyte pilegrimar. Me fekk orientering om tanken bak restaureringsarbeidet. Ei omvisning som og syntet dei spennande plansjane med bibelske motiv som nokon av oss hugsar frå skulen.

Så fekk me eit gløtt av kva ein Skifjorddag har å by på med boder og også høve til å få mat. Dei besøkande der vinka oss avgarde med Bakkejekta (tru kopi av ei jekt frå 1750). Ungdommane, Ole og Espen, leia oss trygt til Korssund. Stilt ver gjorde at me alle måtte bruke musklane på roing.



I Korssund fekk me sjå den knapt 4 meter høge steinkrossen, som er hogd i Hyllestad, men no står der ute, og har truleg gjort det i over 1000 år! Der hadde me den siste korte samlinga vår, leia av underteikna.

Me er glade for at dagleg leiar av Bergen Pilegrimssenter Lauritz Haarr var med oss på turen. Han skriv: «En flott studietur, og absolutt en pilegrimsvandring som er vel verdt å satse på i fremtiden!»

Det gjer at me ser framover med spenning – og vona er at desse kan merkast og bli brukt!

Audun Systad

Solveig Leithaug, saman med «Moreld» i Hyllestad kyrkje onsdag 2. oktober

I november 2021 var Solveig Leithaug her og heldt konsert, saman med «Moreld». Den gongen var ho mest stemmelaus, fortalte ho, men Kirsten og Jostein Ryland hadde gjeve henne rikeleg med varm ingefær- og sitron-drikke. Det gjorde at ho, i det heile, makta gjennomføra den kvelden. No ynskte ho difor å koma attende ein gong til. Denne gongen med stemma på plass. Det vart ein lun og god konsert med variert repertoar, med gode kjære og kjende songar, samt nokre nyare. Ho åleine med song og gitar, eller song og flygel. I tillegg hadde «Moreld» litt «pauseinnslag». Etter konserten var det frukt og kaffi/te, samt tid til drøs.

Takk for ein flott kveld!



«Møte med eiga maske» i Hyllestad kyrkje Tysdag 1. oktober

Inger-Kristine Riber, flygel, Reidun Horvei, song, Arild B. Nielsen, trompet og ulike messinginstrument + Bukkehorn. Lesing og song over kunstnaren, Lars Gunnar Polden, sine bilet og tekstar. Vi fekk og sjå bilet av han i sitt arbeid ute i naturen.

Dette vart «ei reise» rundt korleis vi menneske møtest ved ulike punkt, men tek ulik veg vidare med den børa vi har og ber på. Kunstnaren sine eigne ord bind saman historia og tema jamsies song, lesing, musikk og bilet. Ei sterke framsynning og talande bilet. Takk til dyktige utøvarar og takk til dykk frammøtte som kom, 12 i talet.

*Draumen om å koma fram - Kvar skal me gå? (sjå bilde)
Me ror i sirklar - Kanskje når han (vi) målet (sjå bilde)*



Glede og sorg

DØYPTE

Bø:	Lillian Høl Tveito
Hyllestad:	Amanda Hatlem Rønneseth
	Ylva Saga Kalstad Fludal
	Synne Johannessen Einen

VIGDE

Bø:	Silje Virkesdal Bråstad og Theis Dalvang Kløvstad
-----	--

DØDE

Bø:	Borgny Kjellaug Rysjedal
Hyllestad:	Else Hildegunn Skaar f.1944
	Einar Thorsnes f.1942
	Harald Olav Tonning f.1946
	Liv Magnhild Duus f.1938
	Borgny Lilly Høstaker f.1932
	Arne Andrias Birkeland f.1945



Velkommen til dåp!



Dåpsgudstenesta

Dåpen skjer i ramma av ei ordinær gudsteneste i soknet. Dåpen er ei kyrkjeleg handling, så derfor vert heile kyrkjelyden involvert. Ein bør vere varsam med å bruke blitz under sjølvåpshandlinga. Dette vil ein uansett få rikeleg høve til ved dåypefonten etter gudstenesta, der alle kan stille seg opp, så ein kan ta gode bilete i fred og ro.

Med dette ønskjer vi i kyrkja i Hyllestad velkommen til kyrkje og dåp. Du finn meir informasjon om dåp på heimesida vår: www.hyllestad.kyrkja.no. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om det er noko de lurer på. No har vi opna for digital påmelding til dåp, der ein får fram dei aktuelle gudstenestene for dåp framover.

Her kan du leggja inn ynskje om dåp: <https://minkirkeside.no/hyllestad> Dette er ein enkel og trygg måte å leggja inn ynskje om dåp. Ein loggar seg inn med mobilnummer og får ein eingongskode. Ein får opp val av handling; Dåp, konfirmasjon, eller vigsel. Då er det berre å leggja inn alle opplysningar, so tek vi kontakt.



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll, Fjaler og Hyllestad kommunar, med til saman over 7000 innbyggjarar, omkransar fagre Dalsfjorden i vakkert kystlandskap. Det er gode kommunikasjonar sørover til Bergen (ca. 2,5 t) med to daglege ekspressbåtavgangar sørover, forutan bussforbindelse og kort veg til Førde med bil/buss (ca. 1 t).

Ledig stilling: KYRKJELYDSPEDAGOG Inntil 80% stilling

Sokna i Askvoll, Fjaler og Hyllestad har inngått eit nytt samarbeid om felles pedagog til den kyrklege undervisninga for barn og unge frå 0-18 år i samarbeidsområdet. Stillinga er ledig for snarleg tiltreding, og den som vert tilsett vil få ei leiande rolle i realisering og vidareutvikling av dei vedtekne planane i sokna. Kyrkjelydspedagogen vil utføre arbeidet sitt i samarbeid med lokalt trusopplæringsutval i soknet, styringsgruppa for stillingssamarbeidet, sokneprest, kantor/organist og andre lønna og ulønna medarbeidrar.

Det er om lag 940 kyrkjemedlemer i aldersgruppa 0-18 totalt i sokna. Plan for den kyrklege undervisninga er vedteke i alle sokna, men ikkje alle tiltaka er innfasa enno.

Hovuddelen av trusopplæringsstiltaka vil vere lokalisert i kommunenesentrene med Askvoll kyrkje, Dale kyrkje/ Ljosheim og Hyllestad kyrkje. Lokala her er godt eigna for trusopplæringsaktivitetar, med mellom anna multimedialutstyr, fleksibel møblering, kjøkkenfasilitetar m.v. Det er jamt over svært god oppslutning (over 80% i fleire av trusopplæringsstiltaka) i sokna. For nærmere informasjon om sokna og om undervisningstilbodet til barn og unge, sjå:

www.askvoll.kyrkja.no
www.kirken.no/fjaler/
www.hyllestad.kyrkja.no

Arbeidsoppgåver:

- Fylgje opp og vidareutvikle lokale planar for den kyrklege undervisninga i soknet
- Saman med trusopplæringsutvala og styringsgruppa ansvar for at tiltaka i trusopplæringsplanane vert gjennomførte.
- Delta i gudstenester knytt til trusopplæringa.
- Delta i arbeid blant born og unge.
- Rekruttere og inspirere ulønna medarbeidrar.
- Profilere trusopplæringsarbeidet i ulike medier.
- Rapportering.

Vi ynskjer ein person som:

- Har interesse og engasjement for kyrkleg arbeid for born og unge.
- Har minimum 3-årig høgare utdanning med pedagogikk og/eller kristendom i fagkrinsen.

Manglande utdanning kan kompenserast med relevant erfaring.

- Har kjennskap til Den norske kyrkja si verksemd.
- Har gode kommunikasjonsevner og norskunnskapar og erfaring med sosiale medier.
- Kan arbeide sjølvstendig og systematisk.
- Har personlege eigenskapar som gjer ein skikka for stillinga (engasjement, kreativitet, formidlings- og samarbeidsevne).

Opplysningsar om stillinga:

- Løn etter kvalifikasjonar etter gjeldande tariffavtale i KA sitt tariffområde.
- God pensjonsordning i KLP.
- Kyrkjeverja i vertsfellesrådet er nærmaste overordna for stillinga.
- Fast kontorlass på kyrkjekontoret i Askvoll eller Dale sentrum i triveleg kollegafellesskap saman med sokneprest, kantor/organist, kyrkjesekretær og kyrkjeverje.
- **Fleksibel ferieordning:** Om ønskeleg kan det avtalast koncentrert arbeidstid til delar av året der den tilsette kan ta ut ferieveker i samband med jul, påske, i skulen sin vinter- og haustferie og lang sommarferie (tilsvarande skuleferien).

- Ein må rekne med noko arbeid på kveldstid og i helgar.
- Søkjar må vere medlem av Den norske kyrkja.
- Søkjar må disponere bil (skyssgodtgjersle).
- Den som vert tilsett må levere tilfredsstillande politiattest.
- Oppstart i stillinga: 1. februar eller etter avtale.

For nærmere opplysningsar om stillinga, ta gjerne kontakt med: Kyrkjeverja i Fjaler: Jostein Bildøy telefon 951 91 332, eller e-post: JB286@kyrkja.no

Kyrkjeverja i Askvoll: Rune Ziener telefon 918 74 724, eller e-post: rz459@kyrkja.no

Søknad med CV og kopi av vitnemål og attestar kan sendast på e-post eller post til: rz459@kyrkja.no

Askvoll sokn
Postboks 14
6988 Askvoll

Søknadsfrist: 5. januar 2025

Velkommen til kyrkje

Her kan kome endringar då endeleg gudstenesteliste ikkje har vore gjennom soknerådet før bladet går i trykken. Fylg med på kyrkja i Hyllestad si Facebook-side, eller på www.kyrkja.no og på kulturkalenderen på kommunen si heimeside.

15.12	Hyllestad, kl. 16:00: Julekonsert.	09.03	Hyllestad, kl. 11:00.
24.12	Julaftan, Bø, kl. 14:00.	30.03	Hyllestad, kl. 17:00: Samtalegudsteneste.
	Julaftan, Øn, kl. 16:00.	17.04	Hyllestad, kl. 17:00: Påskemåltid.
25.12	Hyllestad, kl. 14:00.	18.04	Øn, kl. 11:00: Langfredag.
26.12	Eiklund, kl. 11:30.	20.04	Hyllestad, kl. 11:00: Påskedag.
31.12	Hyllestad, kl. 15:00.	21.04	Eikund, kl. 11:30: 2. påskedag.
		28.04	Leir Alværa.
2025		03.05	Hyllestad, kl. 11:00: Konfirmasjon.
12.01	Hyllestad, kl. 11:00.	17.05	Hyllestad. Blir tilpassa
26.01	Hyllestad, kl. 17:00.		17.mai-program.
09.02	Hyllestad, kl. 11:00.	01.06	Øn, kl. 11:00.
16.02	Hyllestad, kl. 17:00: Bibelutdeling til minikonfirmantane.	15.06	Hyllestad, kl. 11:00.



Kyrkjekontoret formidlar sal av gravminne

frå Nergård Steinindustri, eit gamalt familiefirma som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle gravminna sjølv.

På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkje-kontoret har katalogar som du kan låne. Du kan òg besøke nettsida deira <http://www.nergaard.no/>

For dette får vi provisjon som vert brukt til å gjere gravplassane finare, utover vanleg gravplass-vedlikehald.

Kontakt: *Aslak Åm Sognnes tlf. 975 83 290*



Takk til konfimantar og minikonfimantar for ei flott lysmesse 1. sundag i advent!

INFORMASJON

Returadresse:
Kyrkjekontoret
Lifjordvegen 7
6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2023 – 2027

Faste medlemmer:

Jan Olav Gjerde, Leiar
Inger Hauken, Nestleiar
Reidun Skår
Anny Dale Fureli
Brit Inger Skaar
Jofrid Hatleberg

Varamedlemmer:

1. Rune Risnes
2. Siv Åshild Fristad

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid tysdag, onsdag og torsdag kl. 10-15
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles e-post: post.hyllestad@kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungdomsarbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Kyrkjekontoret har fast kontordag onsdag.

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Renate Ørnehaug Dale

E-post: RD944@kyrkja.no – Mobiltelefon: 915 16 644

Kyrkjesesekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: AS727@kyrkja.no – Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Runar Matsui-Li

E-post: RM677@kyrkja.no – Mobiltelefon: 488 90 086

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse – Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar Helge Oddvin Systad – Mobiltelefon: 952 23 549

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog: Sjå utlysing s.14

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes, Audun Systad, Runar Matsui-Li og

Linda Ølmheim

Trykk: Printfarm AS

Innhogging
av nye
namn og
oppfrisking
av skrifta på
gravminne



Kyrkjekontoret formidlar
kontakt med ein som
gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på
tlf. **975 83 290**

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no

Vi formidlar og sal av nye gravminne fra Nergård Steinindustri.